

Geir Andersen  
Flatøyvegen 90  
5918 Frekhaug

Flatøy 15.11.18

## Søknad om dispensasjon frå LNF område og byggjeforbodet i strandsona.

I forbindelse med at g.nr:1/16 no er overført frå Dagny Amanda Andersen til hennar tre etterkommarar, Johan Alv Andersen, Åshild Iden og Geir Andersen, søker me om at naust/nausterett på garden vert overført til Ståle Andersen og Fred Arne Andersen.

Naustet står på G.nr 1/6 tilhøyrande Dag Sudmann.

Dette er ein gammal rett ( sjå vedlagte skriv frå 1890-1893 utskiftinga på Flatøy ). Vi veit ikkje kor gammalt naustet er men det er bygd opp i grindverk som er ein gammal byggeskikk her i distriktet. No treng det å setjast i stand før det er for seint og fell ned. Ståle og Fred Arne er interessert i kystkultur og vil setja naustet i stand.

Naustet ligg i LNF området og i strandsona og det vert søkt om dispensasjon frå dette. I og med at naustet står oppført ser me ikkje at LNF formålet og formålet bak byggjeforbodet i strandsona vil bli vesentleg sett til side i denne saka.


Det vil vera i alles interesse at søknaden vert innvilga så naustet ikkje forfell meir.

Mvh


Geir Andersen



Åshild Iden



Johan Alv Andersen



Dag Sudmann

